

Skjema 46 Somatiske sjukehus

Kontakt SSB: spesialisthelsetjenesten@ssb.no

Korleis nyttar vi tala?

1. Data som vert samla inn i skjemaet vert nytta som grunnlag for [SSB Statistikk Spesialisthelsetjenesta](#).
Her finn ein tabellar under tre hovudtema:
 - 1) Rekneskap
 - 2) Personell
 - 3) Aktivitetar og tenester

Hovudkjelde for 1) er funksjonsfordelte resultatrekneskap frå helseføretak (HF) og regionale helseføretak (RHF), utdrag frå resultatrekneskap for private institusjonar, kontantstraumoppstilling og balanserekneskap for HF og RHF.

Hovudkjelde for 2) er data rapportert på verksemdsnivå til A-ordninga. Dette vert supplert med rapportering frå regionale helseføretak av avtalar som er inngått med private avtalespesialistar.

Hovudkjelder for 3) er kapasitetsdata frå SSBs statistikkskjema som er supplert med aktivitetsdata som er rapportert til Norsk pasientregister (NPR).

Data som vert rapportert i skjema 46 vert nytta i disse tabellane:

[13942: Aktivitet, kapasitet og beleggsprosent i spesialisthelsetjenesten, etter tjenesteområde og helseforetak](#)

2. Data som vert samla inn sender vi til Helsedirektoratet – og vert nytta i deira Samdata-publikasjonar, sjå [Helsedirektoratet Rapportar Samdata spesialisthelsetjenesten](#)
3. Data som vert samla inn rapporterer vi til internasjonale organisasjonar: OECD, Eurostat, WHO, Nomesko.
4. Data som vert samla inn nyttar vi til forskning i SSB og andre forskingsinstitusjonar.